

**Notat – nr. 3/2022**

Gro Anita Bårdseth og Kjersti Straume

## **Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar**

### **Stadidentitet**

<b>Forfattar</b>	Gro Anita Bårdseth og Kjersti Straume
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISSN</b>	1891-5973
<b>Sats</b>	Forfattar
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/">http://www.hivolda.no/</a>

Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar.  
Stadidentitet.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnerne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### Om notatserien

Ulike slag publikasjoner av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## Føreord

Volda og Ørsta kommunar er i ein prosess der dei skal vurdere strategisk samarbeid. I samband med dette vert det i perioden hausten 2021 – våren 2023 gjennomført fire samlingar for folkevalde, kommunalsjefar og tillitsvalde. Etter kvar samling vert det skrive eit notat som summerer hovudpunkt frå samlingane. Dette er notat frå den andre samlinga, som var i Ørsta 5. mai 2022. Gro Anita Bårdseth og Kjersti Straume ved Høgskulen i Volda har skrive notatet.

HVO, 04. juli 2022

Gro Anita Bårdseth og Kjersti Straume

## Innhald

Innleiing .....	5
Stadidentitet for å styrke strategisk samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar .....	5
Faginnlegg .....	6
Nordfjord - med hjarte i handa. Samarbeid om stadidentitet i Nordfjord .....	6
Kva er stadidentitet, og kvifor kan stadidentitet vere viktig for strategisk samarbeid? .....	6
Mentimeter og diskusjonar i plenum .....	7
Kva bilde ønskjer vi å skape av Volda og Ørsta for omverda? .....	7
Kva er den felles styrken til kommunane våre? .....	8
Korleis kan stadidentitet hemme regionalt samarbeid?.....	10
Korleis konkret arbeide med stadidentitet for å utvikle Volda og Ørsta som ein styrka region?.....	12
Avslutting.....	13

## Innleiing

I 2013 vart det inngått ein intensjonsavtale om samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar. Med grunnlag i intensjonsavtalen vart det i 2020 skrive eit notat om (vidare)utvikling av samarbeid mellom dei to kommunane. Kommunestyra har sluttar seg til innhaldet notatet, og til prosessen som er skissert der<sup>1</sup>. Føremålet med samarbeidet er:

- Berekraftig utvikling av lokalsamfunnet / samfunnsutvikling
- Gode og effektive tenester til innbyggjarane

Kommunedirektørane i Volda og Ørsta kontakta Høgskulen i Volda (HVO) med tanke på bidrag i prosessen. Det vart gjort ein avtale mellom kommunane og HVO om at høgskulen skal bidra med eit opplegg retta mot samarbeid om samfunnsutvikling / berekraftig utvikling av lokalsamfunnet<sup>2</sup>. Det som gjeld samarbeid om gode og effektive tenester til innbyggjarane er ikkje inkludert i bidraget frå HVO. Det er kanskje nødvendig å poengtere at det er samarbeid som er stikkordet, og ikkje samanslåing av kommunane.

Følgjande aktivitetar inngår i bidraget frå høgskulen:

- **Grunnlagsnotat: Volda og Ørsta som region og lokalsamfunn - Nokre perspektiv på strategisk samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta.** Grunnlagsnotatet vart publisert i september 2021. Tema som er drøfta der er korleis ein kan forstå regional utvikling, Volda og Ørsta som region, demografi og sosiale forhold og forholdet mellom regionen og lokalsamfunna i regionen. I notatet er det også skissert nokre problemstillingar som folkevalde og andre aktørar i kommunane kan legge til grunn for drøftingar rundt samarbeid om heilskapleg og berekraftig samfunnsutvikling.
- **Fire samlingar / verkstader** i perioden hausten 2021 - våren 2023  
Tema for samlingane er:
  - Samling 1: Folkevalde – roller og ansvar i samfunnsutviklinga
  - Samling 1: Innbyggarmedverknad
  - **Samling 2: Stadidentitet**
  - Samling 3: Livsløsperspektivet
  - Samling 4: Sosial berekraft
- **Digitale ressursar til samlingane**
- **Notat med oppsummeringar frå samlingane**

## Stadidentitet for å styrke strategisk samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar

Tema for andre samling var stadidentitet. Fagtilsette ved HVO som deltok i planlegging og gjennomføring av samlinga var Gro Anita Bårdseth, Jørn Cruickshank, Kari Hasle, Kjersti Straume og Grethe Mattland Olsen. Per Arne Brandal og Karl August Swanstrøm utarbeidde den digitale ressursen som vart brukt i samlinga.

Ved gjennomføringa av samlinga valde vi å fokusere på korleis stadidentitet kan nyttast for å styrke strategisk samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar. Påmeldte til samlinga i Ørsta 5. mai 2022 var 61 folkevalde frå dei to kommunane, 5 frå administrasjonane, og ein tillitsvald frå Ørsta.

---

<sup>1</sup> Kommunane har fått midlar til prosessen frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

<sup>2</sup> Det er tilsette ved Avdeling for samfunnsfag og historie ved HVO som er involverte i arbeidet.

Innleiingsvis på samlinga brukte vi litt tid på å friske opp føremålet med prosjektet Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar, og å repetere litt frå innhaldet på den første samlingen. Dette bidrog til felles forståing for heilskapen i prosjektet, og særleg for samling 2.

Ei tidsramme på tre timer (kl. 14.00 – 17.00), og pause om lag midtvegs med enkel servering fungerte fint. Filmane som utgjorde den digitale ressursen vart vist på samlinga. Filmane fekk slik ei sterkeare fagleg innramming enn om deltakarane skulle sjå filmane på førehand.

## Faginnlegg

På samlinga var det to faginnlegg. Elisabeth B. Hatlenes, fagkoordinator i Nordfjord regionråd delte erfaringar frå interkommunalt samarbeid i Nordfjordregionen, og Jørn Cruickshank, professor II ved Høgskulen i Volda snakka om kva stadidentitet kan vere for noko og kvifor stadidentitet er viktig for strategisk samarbeid på kommunenivå. Tanken bak introduksjonen og faginnlegga var å gje deltakarane fagleg påfyll og grunnlag for gruppearbeid og diskusjon.

### Nordfjord - med hjarte i handa. Samarbeid om stadidentitet i Nordfjord

Med utgangspunkt i Nordfjordregionen formidla Elisabeth B. Hatlenes konkrete døme på kva stadidentitet kan vere. Det vart vist til at kommunane/stadane i Nordfjordregionen er kjenneteikna av ein fleirkjernestruktur med ulike stadidentitetar og stadkvalitetar. I innlegget var det lagt vekt på at kommunane/stadane vil kvarandre vel og at dei samarbeider for å fremme stadane sine ulike fortrinn, t.d. gjennom marknadsføring. Det vart også peika på at det er viktig å samarbeide om felles utfordringar, t.d. å skaffe nok og riktig arbeidskraft og kompetanse til regionen. Politikarane spelar ei viktig rolle i det interkommunale samarbeidet. Ei grunnhaldning blant politikarane er at ein samarbeider berre om ting ein er samde om. Dette for å ‘pleie’ klima for samarbeid, men også for å målrette bruken av ressursar.

### Kva er stadidentitet, og kvifor kan stadidentitet vere viktig for strategisk samarbeid?

Jørn Cruickshank tok utgangspunkt i teoretiske diskusjonar om stad og stadidentitet. Ei teoretisk tilnærming vektlegg at stadar endrar seg heile tida, mellom anna i takt med at samfunnet endrar seg og etter kvart som samansettinga av innbyggjarar endrar seg. Ein stad kan ha ein identitet i ein periode, men om samfunnet endrar seg kan denne identiteten verte svekt og staden kan leve vidare med ein annan/ny identitet. Stadidentitet er såleis ikkje noko fast eller konstant men noko som stadig vert konstruert. Innlegget peika på at stadidentitet både kan bety noko for innbyggjarane si kjensle av å høyre til ein stad og for korleis folk utanfrå oppfattar ein stad. I dette siste perspektivet er stadidentitet særleg knytt opp mot omdømmebygging og korleis ein stad vert framstilt for omverda/regionen, t.d. om ein ønskjer å tiltrekke seg folk og næringar.


## Mentimeter og diskusjonar i plenum

Med utgangspunkt i dei faglege innlegga vart det gjennomført eit gruppearbeid. Gruppene var definerte på førehand. Kvar gruppe var samansett av 4 til 6 personar frå både administrasjon og politikk. Gruppearbeidet bestod av i alt fire spørsmål. Kvart spørsmål vart introdusert og kopla til dei faglege innlegga. I tillegg vart filmane, som var produsert til samlinga, vist som ein del av introduksjonen til dei einskilde spørsmåla.

Det første spørsmålet vart svart på individuelt, medan dei tre andre vart drøfta i gruppene og svart på gruppevis. For å svare på spørsmåla nytta deltagarane tilbakemeldingsløysinga Mentimeter (menti.com). Svara vart vist på skjerm og synlege for alle. Dette var utgangspunkt for diskusjonar i plenum. På denne måten fekk ein høve til diskusjonar på tvers av gruppene. Denne framgangsmåten vart nytta for alle spørsmåla.

## Kva bilde ønskjer vi å skape av Volda og Ørsta for omverda?

I det første spørsmålet bad vi deltakarane om å skildre kva slags bilete dei ønskjer at omverda skal ha av Volda og Ørsta. Som nemnt over svarte deltakarane individuelt på dette spørsmålet. Deltakarane kunne legge inn inntil 3 ord/formuleringar kvar. Resultatet vart framstilt som ei ordsky. Ord som vert nemnt av fleire vert gitt ein større font (Figur 1).



Figur 1 Ordsky som viser det biletet vi ønskjer at omverda skal ha av Volda og Ørsta (ord som vert nemnt av fleire vert gitt ein større font).

Ordskya er eit «stemningsbile» frå deltarane og viser noko av «variasjonen» i forsamlinga (Figur 1). Ordskya kan lesast som ønske om at regionen vår skal framstå som inkluderande med rik tilgang på utdanning, kulturtildeling og natur. Ein region med ein variert arbeidsmarknad og ein god stad å bu.

## Kva er den felles styrken til kommunane våre?

I det neste spørsmålet utfordra vi deltakarane til å reflektere rundt kva som er felles styrkar for regionen Volda og Ørsta. Her vart dei særleg utfordra på å diskutere dette i lys av stadidentitet. Spørsmålet vart diskutert i grupper og kvar gruppe kunne levere innspel (Figur 2).

Komplementære kommunar, utfyller kvarandre. Regionale institusjonar. Flyplassen, sjukehuset og høgskule. Natur og friluft urbane kvalitetar. Bygdebyen med byfunksjonar tett inn på naturen. Kort avstand mellom dei to sentra. Mange arbeidsplassar

Kommunikasjonssenter, flyplass. Komplimentære - komplett utval av tenester. Utfyller kvarandre. Det er berre tre studierettingar ein må vekk for å studie på. Felles omsorgstenester innan helse. Styrke med søre sunnmøre som vi deler. God kommunikasjon

Draumestad å vekse opp. Kort veg til alt. Allsidige fritidsaktivitetar, natur for alle. Sterkt fokus på barn og unge. Levande dugnadsånd. Knutepunkt, gode kommunikasjonar. Oversiktleg, passe stort. Komplementerande arb.marknad. God kompetanse.

Styrke: Nærleik til eit allsidig arbeidsmarked, allsidig studietilbod, allsidig kulturliv og allsidig natur. Kommunikasjonslinjene med Kviven, Eiksundsambandet og flyplass gjer oss attraktive for etablering, besøk og ikke minst som buplass Smeikje

Næringslivet og skuletilbodet gjer det til ein attraktiv stad. Mange små bedrifter. Variert Natur.

Godt samarbeid mellom to relative store kommuner. Kort avstand mellom kommunesenter. Spennande næringslivsutvikling i begge kommunene. Sterk offentlig sektor. Sjukehus, Høgskule. Flyplass. Turisme med nærhet til sunnmørsalpane, fjord. Ekstremsport

Bustadttilbod i bygdesentrum og i mindre bygder.  
Mangfaldig jobbtilbod – innovativ industri, utdanning og sjukehus. Flyplass. Uavgrensa moglegeheter for friluftsliv.  
Mangfaldig kulturtillbod. Landbruk og matkultur. Godt handelstilbod.

Vi er to ganske like kommuner, men med ulike tilbod som utfyller kvarandre og som vi samarbeider om helse, utdanning, natur og uninfrastruktur. Vi er mange innbyggjarar med små avstandar mellom kvarandre og ut til bygdene.  
Sterk vilje til å samarbeide

Felles bu og arbeidsmarknad  
Variert arbeidsmarknad som utfyller kvarandre  
Fjell og naturopplevingar  
Naturressursar  
Sentralt knytepunkt for heile regionen  
Nærleik til helsetjeneste  
Høgare utdanning  
Innbyggjarane  
Landbruk  
Skisenter  
Fjordar og vatn

Mangfald  
Komplementære  
Jamnstore gjev likheit i "styrke"  
Nærheit kommunane imellom  
Nynorsk identitet  
Sterke bygder  
Felles funksjoner fungerer godt  
Samferdsel

Utdanning  
Arbeidsmarknad  
Nærleik  
Helsetilbod

Nærleik til kvarandre  
Utfyllande utdanningstilbod  
Utfyllande kulturtillbod  
Utfyllande arbeidsmarknad  
Helsetilbod

til saman er vi paradisbyen

Vi står saman når det trengst, særleg når vi har ein felles "ytre" fiende, og vi får til samarbeid som td vør og flyplassen. Ressurssterke folk i kommunane. Relativt homogene og like mtp bygder og senter, god geografisk struktur.

Figur 2 Gruppene sine innspel på kva som er den felles styrken til kommunane våre.

Gruppene sine innspel til felles styrkar kan oppsummerast slik: Kommunane er jamstore, jamsterke, og komplementære når det gjeld arbeidsmarknad og tilbod til innbyggjarane. Korte avstandar og nærliek til natur og bygdebykvalitetar. Gode kommunikasjonar. Nynorsk identitet, dugnadsånd og sterke bygdesentrum i begge kommunane.

### Korleis kan stadidentitet hemme regionalt samarbeid?

I det tredje spørsmålet spurde vi korleis stadidentitet kan hemme regionalt samarbeid. Spørsmålet vart diskutert i grupper og kvar gruppe kunne levere innspel.

Kan oversjå fordelane med å være komplimentære. Når stadidentiteten vert for snever kan det hemme utvikling:  
Manglande felles identitet kan hemme regionalt samarbeid på Søre. Krig om ressursar. Ser ein for snevert får ein ikkje utvikling.

Lokalisering av offentlege institusjonar og arbeidsplassar.  
Alle innbyggjarar vil ha alt nært seg. Patriotisme på godt og vondt.

Frykt for endring  
Redsel for å miste det ein har  
Sammenslåing  
Ulik kultur  
Fordeling av ressursar  
Ulike behov  
Vakkje løfte blikket

Hemmande:-Samferdselsinteresser-Funksjonsplasseringar-Ressursar

Grensejusteringa er negativ for Ørsta sitt sjølvbilde. Erke patrioten i begge kommunar. Lokalavisene «nører» opp under konflikter og skilnader. Korleis snakker vi om kvarandre, kva forteljingar vert skrive om oss? Snakke ned kvarandre

Ressursdeling / fordeling av begrensa ressursar. Ulik samferdslestrategi. Lokalpatriotisme og nærsynhet - kvar plass og krins fightar for sitt. Etterslep i kostnader og ulik prioritering av tiltak.

For optatt av "sitt eige", feks lokaliseringsspørsmål.  
Misunning, jantelov. Samferdselskampar. Begge skal ha det same.

Når ein låser seg fast i det som er rundt seg sjølv og ikkje kan heie på kvarandre og mistar perspektivet på det store biletet hemmar det samarbeid. Når ein henge seg opp i ueinigheter kan det bli vanskeleg å vere konstruktiv der vi er einige.

Å ikkje unne kvarandre. Når grensene blir viktigare enn utviklinga. Akademia vs. Industri. Bygd vs. Sentrum.  
Rivalisering. Navlebeskuing

Mange, sterke bygder som kjempar om ressursar, funksjonar og tilbod. Mykje meir enn 2 stadidentitetar. Langt frå Festøya til Hornindal. Kan vere därlege på å unne kvarandre goder. "Alle" skal ha badeland, kulturhus osb.

Børsmiljøet! Stolthet og historie. Misunnelse. Kamp om penger og «midler». To avisar! To tette «like» sentrum.. Indre maktkamper i kommunene

Figur 3 Gruppene sine innspel på korleis stadidentitet kan hemme regionalt samarbeid

Innspela peikar på at fylgjande kan hemme samarbeid: Kamp om ressursar, «å ikkje unne kvarandre», redsel for å misse det ein har og «frykt» for samanslåing. Manglande felles identitet og at lokalaviser og innbyggjarar nærer opp under konfliktar og skilnader.

Korleis konkret arbeide med stadidentitet for å utvikle Volda og Ørsta som ein styrka region?

I det fjerde og siste spørsmålet utfordra vi deltakarane på korleis Volda og Ørsta konkret kan (sam)arbeide om å styrke regionen ved hjelp av stadidentitet. Deltakarane vart bedne om å kome med konkrete framlegg (Figur 4).

Felles regionråd der også næringslivet er med, felles flyplass og sjukehus. felles omdømmebygging mot turisme og arbeidsmarknad. Bygge merkevaren Ørsta og Volda.. fjord vann og fjell


Felles satsing på reiseliv og turisme. Samla presentasjon av felles arbeidsmarked og mangfold. Presentasjon av kultur og aktiviteter i ulike senter

Volda bygger badeland og Ørsta bygger kulturhus. Dyrke feles verdiar og interesser. Felles regionsnamn for Ørsta/Volda - til dømes "Apleregionen"

Hjørundfjorden og Sunnmørsalpane. Ivar Aasen – festivalar, litteratur, kunst, musikk og språk. Landbruk og matkultur. Saman har vi ein komplett arbeidsmarknad. Innovasjon – industri, næringsliv, forsking og utdanning i samspel. Gründerverksemid.

Felles logo, profilering og presentasjon, jf Nordfjord - som ein region innad og utad, men ikkje viske ut identitet. Felles / samordna næringskontor og innsats. Kollektiv- og kultursamordning. Samarbeide om det vi er einige om. Slå ihop avisene....

Lage film, Sosiale medier, ambassadørar ute og heime, Tettare samarbeid om kultur og reiseliv. Nynorsk. Skape felles møteplasser for landbruk, næringsliv kultur og reiseliv..



*Figur 4 Gruppene sine innspel på korleis vi konkret kan arbeide med stadidentitet for å utvikle Volda og Ørsta som ein styrka region.*

Innspel til korleis ein kan arbeide med stadidentitet for å styrke Volda og Ørsta som region er: Samordne politisk vilje til å utvikle ein felles identitet og felles omdømebygging innmot turisme og arbeidsmarknad. Vilje til å utvikle felles strategi for næringspolitikk og inovasjon (felles næringskontor og møteplassar). Samordne kultur og kollektivtilbod. Slå saman avisene. «Heie på kvarandre».

## Avslutting

Ein heilt sentral felles styrke til kommunane Volda og Ørsta er at dei er komplementære når det gjeld arbeidsmarkand, tenester og kultertilbod til sine innbyggjarar. Eit styrka samarbeid mellom kommunane vert utfordra av kamp om ressursar og at ein ikkje er «unnelege». Samarbeidet kan særleg styrkast gjennom samordna politikk med felles målsetning om regionutvikling, og gjennom å arbeide med å styrke samarbeidskulturen på tvers av dei to kommunane i alle delar av lokalsamfunnet vårt.